

KOMMISJONSDIREKTIV 1999/48/EF

av 21. mai 1999

om andre tilpassing til den tekniske utviklinga av rådsdirektiv 96/49/EF om tilnærming av lovgjevinga i medlemsstatane om jarnbanetransport av farleg gods(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 96/49/EF av 23. juli 1996 om tilnærming av lovgjevinga i medlemsstatane om jarnbanetransport av farleg gods⁽¹⁾, endra ved kommisjonsdirektiv 96/87/EF⁽²⁾, særleg artikkel 8, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Vedlegget til direktiv 96/49/EF inneheld RID i den utgåva som gjeld frå 1. januar 1997, og som seinare er kunngjord på alle dei offisielle språka til Fællesskapet⁽³⁾.
- 2) RID vert ajourført annakvart år, og følgeleg tek ei ny utgåve til å gjelde 1. januar 1999, med ein overgangsperiode inntil 30. juni 1999.
- 3) Endringar som er naudsynte for å tilpasse vedlegget til den vitenskaplege og tekniske utviklinga på dei områda direktivet omfattar, og som har til føremål at det skal svare til dei nye reglane, må etter artikkel 8 vedtakast etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 9.
- 4) Det er naudsynt å tilpasse sektoren til dei nye reglane i RID, og difor må vedlegget til direktiv 96/49/EF endrast.
- 5) Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er nemnt i artikkel 9 i direktiv 96/49/EF.
- 6) Reglementet for internasjonal jarnbanetransport av farleg gods (RID), med endringar, bør vere vedlegg til direktiv 96/49/EF og gjelde ikkje berre transport over landegrensene, men òg transport innanfor dei einskilde medlemsstatane —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

*Artikkel 1*I vedlegget til direktiv 96/49/EF⁽⁴⁾ vert det gjort følgjande endringar:

- Teksta nedanfor⁽⁵⁾ går ut:

«Vedlegget omfattar føresegnene i reglementet for internasjonal jarnbanetransport av farleg gods (RID), som er vedlegg 1 til tillegg B til COTIF, slik det gjeld frå 1. januar 1997, med den føresetnaden at «stat som har undertegnet» og «statene eller jernbanene» vert bytte ut med «medlemsstat».

NB: Utgåvene av RID på alle dei offisielle språka til Fællesskapet vil verte kunngjorde så snart det ligg føre ei tekst på alle språka.»

- Vedlegget vert endra i samsvar med vedlegget til dette direktivet.

Artikkel 2

1. Medlemsstatane skal innan 1. juli 1999 setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks melde frå til Kommissjonen om dette.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommissjonen teksta til dei viktigaste internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

(*) Denne fællesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 169 av 5.7.1999, s. 58, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 178/1999 av 17. desember 1999 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIII (Transport), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fællesskaps Tidende.

(1) TEF L 235 av 17.9.1996, s. 25.

(2) TEF L 335 av 24.12.1996, s. 45.

(3) TEF L 294 av 31.10.1998, s. 1.

(4) Kunngjort i TEF L 294 av 31.10.1998, s. 1.

(5) Teksta er å finne i artikkel 1 i direktiv 96/87/EF.

Artikkel 3

Dette direktivet tek til å gjelde dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Artikkel 4

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 21. mai 1999.

For Kommissjonen

Neil KINNOCK

Medlem av Kommissjonen

[Kommisjonsdirektiv 1999/48/EF er gjennomført i Noreg ved den norske omsetjinga av RID: «RID 1999», Elanders Publishing AS, ISBN 82-07-01997-2. Vedlegget til direktivet er innarbeidd i den nemnde versjonen av RID]
